

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Nausidal, Solund og Stryn.

Innkalling til møte i Kontrollutval - Hornindal kommune

Utval: Kontrollutval - Hornindal kommune
Møtedato: 06.09.2012
Møtetid: 11.00
Stad: Smia - møterom 2. etg.
Møtenr.: 3/2012

Innkalling: Faste medlemmer i utvalet, rådmannen i sak 17 og revisor i sak 17/12.

Melding til: Ordfører(møterett), Kommunerevisjonen i Nordfjord (møterett) og varamedlemmer (vert evt. innkalla etter nærmare beskjed).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 976 15 363, eller på e-postadresse: post@sekom.no


SAKLISTE

015/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.
016/12: Skriv og meldingar.
017/12: Overordna analyse.
018/12: Budsjett 2013 – Drift av kontrollutvalet.
019/12: Oppfølgingsliste 3-2012 Hornindal.
020/12: Eventuelt.

Hornindal 30.08.2012

Ola Are Ytrehorn (s)

Leiar



Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Nausidal, Solund og Stryn.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

015/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 10.07.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	06.09.2012	015/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

016/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 10.07.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	06.09.2012	016/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyet	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

SM 06-12: Vedtak kst sak 042/12 Referatsaker.

SM 07-12: Vedtak kst sak 069/12 Årsmelding og rekneskap 2011.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SM06-12



HORNINDAL KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr.:	Saksbehandlar
Kommunestyret	14.06.2012	042/12	SOL

Saksansv .: Solfrid Otterdal Lien	Arkiv: K1- Objekt:	Arkivsaknr 12/501
-----------------------------------	-----------------------	----------------------

Referatsaker

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	12/2608	I	30.05.2012	Utdanningsforbundet Hornindal	VS: budsjett 2013
2	12/2617	I	30.05.2012	SEKOM - sekretariat	Sak frå kontrollutvalet til kommunestyret til orientering - Sak 012/12 Vurdering av oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit.
3	12/2768	I	04.06.2012	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne v/Bjørn Solum	Ønskje om tilknytning til Volda sjukehus - uttale
4	12/2758	I	04.06.2012	Hornindal Eldreråd	Ønskje om tilknytning til Volda sjukehus - uttale

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

14.06.2012 KOMMUNESTYRET

KS-042/12 VEDTAK:

Samr.: Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert vedteke.

Frank Westad /s.

-Rådmann-



HORNINDAL KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr.:	Saksbehandlar
Kontrollutval			BS
Utval for Oppvekst og Helse	05.06.2012	036/12	BS
Utval for utvikling	06.06.2012	044/12	BS
Formannskapet	14.06.2012	027/12	BS
Kommunestyret	14.06.2012	069/12	BS

Saksansvarleg: Brita Sollid	Arkiv: 210 Objekt:	Arkivsaknr.: 12/437 - 1
-----------------------------	-----------------------	----------------------------

Årsmelding og rekneskap 2011

Sakstilfang / Lover / Plandokument

- Revisjonsmelding (vedlegg)
- Budsjett 2011
- Lov om kommuner og fylkeskommuner
- Rekneskap 2011 (vedlegg)
- Årsmelding (vedlegg)

Saka gjeld

Godkjenning av rekneskap og årsmelding for 2011.

I samsvar med kommunelova §48, er det utarbeidd årsmelding og rekneskap for 2011.

Rådmannen ber kommunestyret godkjenne årsmeldinga og rekneskapen for 2011.

Drøfting

Hornindal kommune si årsmelding for 2011 er eit samla dokument som te føre seg den økonomiske sida av drifta, og aktiviteten for verksemda.

Hornindal kommune kom ut med et netto driftsresultat på kr. 9.577.648,27. I årsmeldinga er det gjort greie for resultatet, både når det gjeld drift og investering.

Av driftsresultatet er kr. 7.344.301,20 knytt til momskompensasjon på investeringar, som skal nyttast til å finansiere prosjekt i investeringsrekneskapen.

Konsekvensar

Netto driftsresultat er i si heilheit avsett til disposisjonsfond.

Framlegg til vedtak:

1. Rekneskap og årsmelding for Hornindal kommune for 2011 vert godkjent.
2. Det udisponerte overskotet vert disponert slik:
 - Avsetjing til disposisjonsfond kr. 2.233.347,07
 - Avsetjing til fond momskomp. kr. 7.344.301,20

Frank Westad /s.
- rådmann -

05.06.2012 UTVAL FOR OPPVEKST OG HELSE

UFOH-036/12 VEDTAK:

Samr.: Utval for oppvekst og helse rår til at:

1. Rekneskap for Hornindal kommune for 2011 vert godkjent, men ber om at årsmeldinga for Hornindal kommune, eining Hornindal barnehage vert endra i samsvar med drøftinga i møte. Revidert versjon vert lagt fram for kommunestyret 14.juni 2012.
2. Det udisponerte overskotet vert disponert slik:
 - Avsetjing til disposisjonsfond kr. 2.233.347,07
 - Avsetjing til fond momskomp. kr. 7.344.301,20

06.06.2012 UTVAL FOR UTVIKLING

UFU-044/12 VEDTAK:

Samr.: Utval for utvikling får til at rådmannen sitt framlegg til vedtak vert vedteke

14.06.2012 KOMMUNESTYRET

Kommunestyret kom med felles framlegg til nytt pkt.1 :

Rekneskap og årsmelding for Hornindal kommune vert godkjent med unntak av årsmelding for Hornindal barnehage som må redigerast og leggest fram på nytt for kommunestyret i september.

Pkt. 2 som rådmannen sitt framlegg.

KS-069/12 VEDTAK:

Samr.: Kommunestyret sitt nye framlegg til vedtak vert vedteke.

14.06.2012 FORMANNSKAPET

FORM-027/12 VEDTAK:

Samr.: Formannskapet får til at rådmannen sitt framlegg til vedtak vert vedteke.

017/12 OVERORDNA ANALYSE- HORNINDAL KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 30.08.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	06.09.2012	017/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Dokumentet «Overordna analyse for Hornindal kommune» med vedlegg, datert 30.08.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Kontrollutvalssak 024/11 «Overordna analyse».

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Det vert vist til dokumentet Overordna analyse for Hornindal kommune, datert 30.08.12 og presentasjon av Overordna analyse av kommunerevisjonen i Nordfjord i møtet.
- Overordnaanalyse vert å nytte som grunnlag for å prioritere prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2016.
- Plan for forvaltningsrevisjon vert lagt fram som sak i neste møte i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

OVERORDNA ANALYSE– HORNINDAL KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon skal det utarbeidast overordnaanalyse. Overordnaanalyse vert lagt fram.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon i kommunen for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, i denne omgang altså innan 31.12.2012. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike einingane og tenestekområda.

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004 definert som: *"Systematisk vurdering av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Under dette om:*

- a) *forvaltninga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,*
- b) *forvaltninga sin ressursbruk og verkemiddel er effektive i høve til måla som er sett på området,*
- c) *regelverket vert etterlevd,*
- d) *styringsverktøy og verkemiddel til forvaltninga er føremålstenlege,*
- e) *vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav,*
- f) *resultat i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller resultat for verksemda er nådd."*

I kontrollutvalssak 024/11 "Overordna analyse", vedtok kontrollutvalet at det vart tinga overordna analyse frå Kommunerevisjonen i Nordfjord.

Vi vel å handsame overordna analyse i eit møte før møtet om plan for forvaltningsrevisjon for å gje kontrollutvalsmedlemene høve til å setje seg godt inn i overordna analyse og ha høve til, etter at overordna analyse er presentert av revisor, å tenkje gjennom kva forvaltningsrevisjonsprosjekt ein bør prioritere i plan for forvaltningsrevisjon.

Kommunerevisjonen i Nordfjord har no utarbeidd overordna analyse. Kommunerevisjonen i Nordfjord presenterer overordna analyse i møtet.

SEKOM-sekretariat har ein mal for plan for forvaltningsrevisjon. Malen vil bli nytta som SEKOM-sekretariat sitt forslag til "Plan for forvaltningsrevisjon". Denne vert lagt fram i neste møte. Kontrollutvalet si oppgåve vil då bli å velje 3 – 5 prosjekt i dokumentet «Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt, 2012 – Hornindal kommune», i denne omgong gjerne på eit overordna nivå, som skal leggjast inn i prioritert rekkjefølgje i planen.

Sekretariatet sine vurderingar:



**OVERORDNA ANALYSE
FOR
HORNINDAL KOMMUNE**

Utarbeidd av Kommunerevisjonen i Nordfjord, 2012

INNHALD

1.	Innleiing.....	4
1.1	Grunnlaget for den overordna analysen	4
1.2	Risiko og vesentlegheitsanalyse. Omgrepa.....	5
2.	Framgangsmåte og metode	5
3.	Kommunal forvaltning – mål, virkemiddel og rammevilkår	6
4.	Hornindal – nokre fakta om kommunen	9
5.	Demografi	9
6.	Finansielle nøkkeltal	10
7.	Produksjonsindeks	11
8.	Vurdering av tenesteområda.....	12
8.0	Resultat av spørjeundersøkinga - prioritering mellom tenesteområda.....	13
8.1	Oppvekst	13
8.1.1	Einingar, regelverk, økonomi	13
8.1.2	Spørjeundersøking.....	13
8.1.3	KOSTRA	14
8.1.4	Vurdering	14
8.2	Helse, omsorg og sosial	14
8.2.1	Einingar, regelverk, økonomi	14
8.2.2	Spørjeundersøking.....	15
8.2.3	KOSTRA	15
8.2.4	Vurdering	16
8.3	Teknisk og landbruk	16
8.3.1	Einingar, regelverk, økonomi	16
8.3.2	Spørjeundersøking.....	16
8.3.3	KOSTRA	16
8.3.4	Vurdering	17
8.4	Kultur og miljø.....	17
8.4.1	Einingar, regelverk, økonomi	17
8.4.2	Spørjeundersøking.....	18
8.4.3	KOSTRA	18
8.4.4	Vurdering	18
8.5	Leiing, støttefunksjonar og sektorovergripande funksjonar	18
8.5.1	Einingar, regelverk, økonomi	18
8.5.2	Spørjeundersøking.....	19
8.5.3	KOSTRA	20
8.5.4	Vurdering	20
9.	Selskap - aktuelle for forvaltningsrevisjon	20
10.	Fylkesmannens tilsyn.....	20
11.	Oppsummering - moglege prosjektområde	21

FIGURLISTE

Figur 1: Målsetting med overordna analyse.....	4
Figur 2: Mål- og resultatstyring. Risikostyring	5
Figur 3: Risiko, sannsynlegheit og konsekvens	5
Figur 4: Grunnlagsdata for overordna analyse	6
Figur 5: Den kommunale effektkjeda (kjelde: BDO).....	7
Figur 6: Hornindal kommune - administrativ organisering	9
Figur 7: Produksjonsindeks for Hornindal kommune, 2010	11



Generell del

1. Innleiing

1.1 Grunnlaget for den overordna analysen


Kontrollutvalet skal etter kontrollutvalsforskrifta § 9 sjå til at kommunen årleg blir gjenstand for forvaltningsrevisjon. I følgje § 10 i same forskrifta skal utvalet, minst éin gang i løpet av valperioden – og seinast innan utgangen av året etter kommunestyrets konstituering – utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen, som skal vedtakast av kommunestyret, skal bygge på ein overordna analyse av kommunens verksemd. Analysen har som siktemål å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon innan dei forskjellige sektorane/områda i kommunen – ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar.

Formålet med forvaltningsrevisjon er mellom anna å bidra til ei betre og meir effektiv kommunal forvaltning. Ved gjennomføring av forvaltningsrevisjon blir fokus retta mot økonomi og måloppnåing i vid forstand. I følgje "forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner" (§ 7) er forvaltningsrevisjon ei systematiske vurdering av økonomi, produktivitet, måloppnåing og effektar ut frå kommunestyrets vedtak og føresetnader. I følgje forskrifta kan til dømes ein forvaltningsrevisjon undersøke om

- a) *forvaltningen bruker ressurser til å løse oppgaver som samsvarer med kommunestyrets vedtak og forutsetninger,*
- b) *forvaltningens ressursbruk og virkemidler er effektive i forhold til målene som er satt på området,*
- c) *regelverket etterleves,*
- d) *forvaltningens styringsverktøy og virkemidler er hensiktsmessige,*
- e) *beslutningsgrunnlaget fra administrasjonen til de politiske organer samsvarer med offentlige utredningskrav,*
- f) *resultatene i tjenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyrets eller fylkestingets forutsetninger og/eller om resultatene for virksomheten er nådd."*

Forvaltningsrevisjon blei lovfesta ved endringar i kommunelova i 1992. Bakgrunnen for at forvaltningsrevisjon blei innført som ein del av revisjon av kommunane og fylkeskommunane var auka krav til effektivitet og måloppnåing. Forvaltningsrevisjon er meint å fungere som eit viktig verktøy for kommunens øvste politiske organ for å føre tilsyn og kontroll med kommunens totale forvaltning og dei resultat som blir oppnådd. Forvaltningsrevisjon inneber at det gjennomførast ein type undersøkingar som gir dei folkevalde i kommunen informasjon om administrasjonens oppfølging av vedtak i kommunestyret, og resultatet av desse. Forvaltningsrevisjon kan samtidig bidra til at kommunal verksemd får auka produktivitet, meir effektiv måloppnåing og at drifta skjer i samsvar med gjeldande regelverk.

Identifisering og val av forvaltningsrevisjonsprosjekt ut frå ein overordna risiko- og vesentlegheitsanalyse er viktig – slik at ressursane blir sett inn på dei riktige områda og kommunen får prosjekt som har god nytteverdi. På den måten kan forvaltningsrevisjon gi effektar i form av organisasjonsmessig læring og utvikling i kommunen.




Figur 1: Målsetting med overordna analyse

1.2 Risiko og vesentlegheitsanalyse. Omgrepa.

Som nemnt skal den overordna analysen bygge på risiko- og vesentlegheitsvurderingar. Risiko seier noko om kor sannsynleg det er at ei uønska hending kan inntreffe slik at kommunen sine definerte mål ikkje blir nådd.

Risiko – Risikoreducerande tiltak = Risikoeksponering




Figur 2: Mål- og resultatstyring. Risikostyring

Konsekvensen av at negative hendingar inntreffer er eit mål på kva dette inneber for kommunen.

Figuren under illustrerer kor viktig det er at risikostyring inngår som eit kontrollelement i kommunen si mål- og resultatstyring.

I kva grad ei uønska hending vil kunne hindre måloppnåing vil avhenge av:




- i) Kor stor risikoen er for at hendinga kjem til å inntreffe, og
- ii) Kor stor konsekvensen av hendinga vil vere.

Risikoanalyser gjer det mogleg å vere etterpåklok på førehand!

Figur 3: Risiko, sannsynlegheit og konsekvens

2. Framgangsmåte og metode

Den overordna analysen er basert på modellen som er presentert i figuren nedanfor. Modellen viser dei kjeldene som er brukt som grunnlag i den overordna analysen for å vurdere og synleggjere aktuelle område for ein forvaltningsrevisjon.



Figur 4: Grunnlagsdata for overordna analyse

Det er gjennomført ei **spørjeundersøking** blant delar av administrasjonen og det politiske apparatet. Undersøkinga blei gjennomført per e-post ved bruk av programmet FluidSurvey. Spørjeundersøkinga tok utgangspunkt i kommunens organisasjonsmessige struktur og inneheldt spørsmål om kva for sektorar, fagområde og fokusområde som respondenten meiner bør prioriterast ved val av ein forvaltningsrevisjon.

Vidare er **KOSTRA-tal** frå 2010 brukt i analysen. Utvalde KOSTRA-tal for kommunen er samanlikna med tilsvarende tal for landet totalt, fylket og den kommunegruppa som kommunen er mest samanliknbar med. Kommunar som tilhøyrrer same KOSTRA-gruppe (kommunegruppe) har nokonlunde like driftsføresetnader.

Revisjonen sine erfaringar er brukt i analysen. Med bakgrunn i sitt arbeid kan den finansielle revisor trekke fram informasjon som kan gi innspel i forhold til kva for tema og område som kan vere aktuelle for forvaltningsrevisjon i kommunen.

Vi har også nytta diverse **kvalitetsindikatorar** i analysen. Døme på datakjelder for slike indikatorar er:

- Demografiske data (Statistisk Sentralbyrå)
- Indikatorar frå Utdanningsdirektoratet (Skoleporten.no)
- Produksjonsindeksen for kommunane (Teknisk Beregningsutvalg)
- Kvalitetsindikatorar for pleie og omsorg (Helsedirektoratet)
- Bedrekommune.no

Førre analyse/plan for forvaltningsrevisjon og tidlegare prosjekt (perioden 2008 – 2011) er også ein faktor som bør vere med i ein overordna analyse. Førre plan for forvaltningsrevisjon seier noko om kva for prioriteringar som vart gjort og bakgrunnen for desse (overordna analyse).

Kommunen sin **årsrapport for 2010** er brukt i analysen. Denne rapporten kan fortelje noko om dei utfordringar som kommunen har hatt, og eventuelt framtidige utfordringar som kommunen forventar.

3. Kommunal forvaltning – mål, virkemiddel og rammevilkår

Den kommunale verksemda kan delast inn i følgjande fire kategoriar:

- Myndigheitsutøving
- Tenesteyting
- Forretningsverksemd
- Samfunnsutvikling

Myndigheitsutøving

Kommunane kan gjere vedtak som vedkjem personar sine rettar og plikter (jf. forvaltningslova §2). For å hindre myndigheitsmisbruk er det sett ei rekke vilkår for at eit vedtak skal vere rettskraftig. Her kan nemnast saksbehandlingsreglar i forvaltningslova, reglar i offentleglova om openheit og innsynsrett, legalitetsprinsippet og krav til kompetanse hos vedtaksorgan.

Tenesteyting

Kommunane driv tenesteyting som er lovpålagt gjennom særlovgiving, men kan også yte tenester som ikkje er lovpålagt. Dagtilbod, tryggleiksalarm, tilrettelagt bustad (trygde- og omsorgsbustader) og matombringning er døme på kommunale oppgåver som ikkje er lovpålagt.

Forretningsverksemd

Kommunane står fritt til å organisere tenestene som dei vil - som ein del av forvaltninga eller som forretningsverksemd, saman med andre kommunar eller åleine. Kommunelova trekk opp rammene for dette. Kommunane kan også konkurranseutsette verksemd eller selje den ut (privatisere). Ansvar for lovpålagte oppgåver kan likevel setjast vekk til andre.

Nøkkeltalshefte

**Vedlegg til overordna analyse for
Hornindal kommune**

Demografi

Folkemengde 1. januar,
etter kjønn og alder,
2012, Personer, Hornindal.




Diagram i: Befolkningspyramide per 01.01.2012




Diagram ii: Utvikling i folketal, 2001 - 2012

Framskrivne alderskategoriar 2013 - 2040




Diagram v: Framskrive folketal og alderssamansetting i prosent




Diagram vi: Sysselsette etter næring per 4. kvartal 2010

Endring i tall på sysselsett i perioden 2008 - 2010




Diagram vii: Endring i sysselsetting etter næring i perioden 2008 - 2010

Finansielle nøkkeltall




Diagram viii: Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter




Diagram ix: Disposisjonsfond i % av driftsinntekter

Oppvekst




Diagram xiii: Netto driftsutgifter per innbygger 1 - 5 år




Diagram xiv: Andel barn 1 - 5 år med barnehageplass




Diagram xvii: Korrigert brutto driftsutgift til grunnskule, skulelokaler og skyss per elev




Diagram xviii: Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning




Diagram xxi: Legeårsverk per 10 000 innbyggjarar




Diagram xxii: Netto driftsutgifter til pleie og omsorg i % av totale netto driftsutgifter




Diagram xxv: Brukarbetaling i % av driftsutgifter




Diagram xxvi: Institusjonsplassar og heildøgnsbemanna bustader i % av befolkning eldre enn 80 år




Diagram xxix: Netto driftsutgifter til sosialteneste per innbygger 20 - 66 år




Diagram xxx: Ressursinnsats i sosialtenesta




Diagram xxxiii: Brutto driftsutgifter i kroner per km veg og gate




Diagram xxxiv: Søknader om enkle tiltak




Diagram xxxv: Eittrinnsøknader i 2011

Kultur




Diagram xxxvii: Netto driftsutgifter til kultursektoren i % av kommunens totale netto driftsutgifter




Diagram xxxviii: Netto driftsutgifter til kultursektoren per innbygger

Leing og støttefunksjonar

Drifts- og lønsutgifter til adm. og styring i % av totale drifts- og lønsutg.




Diagram xl: Driftsutg. og løn til adm. og styring i % av tot. drifts- og lønskostnader

fordelt på kommuner, 2010. (Totalt 756)











Diagram xli: Nye bedrifter etablert i 2010

ØKONOMIFUNKSJONEN - Fokusråd

2.1b) Dersom det blir gjennomført ein forvaltningsrevisjon innanfor økonomifunksjonen, kor bør fokus rettast etter di meining?

Response	Chart	Frequency	Count
Budsjetteringsprosessen		20%	2
Budsjettoppfølgning		60%	6
Rapportering		20%	2
Prosjektrekneskap		50%	5
Økonomisk intern kontroll		50%	5
Finansforvaltning		50%	5
Anna, ver venleg å spesifisere:		10%	1

Total responses: 10

Anna: Svaret er ikkje spesifisert.





IKT-FUNKSJONEN - Fagområde

2.2a) Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:

	1	2	3	4	5	6	Total
Drift	0 (0%)	0 (0%)	1 (11%)	1 (11%)	4 (44%)	3 (33%)	9
Brukarstøtte	0 (0%)	0 (0%)	2 (22%)	2 (22%)	3 (33%)	2 (22%)	9

PERSONAL OG ORGANISERING - Fokusområde

2.3b) Dersom det blir gjennomført ein forvaltningsrevisjon innanfor personal- og organiseringsfunksjonen, kor bør fokus rettast etter di meining?

Response	Chart	Frequency	Count
Personal- og lønspolitikk		50%	5
Helse, miljø og tryggleik (HMS)		40%	4
Inkluderande arbeidsliv (IA)		20%	2
Kompetanseutvikling		70%	7
Bedriftshelsetenesta		0%	0
Anna, ver venleg å spesifisere:		0%	0

Total responses: 10

SERVICEFUNKSJONEN - Fagområde

2.4a) Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:

	1	2	3	4	5	6	Total
Interne tenester	0 (0%)	2 (20%)	1 (10%)	4 (40%)	2 (20%)	1 (10%)	10
Publikumstenester	0 (0%)	1 (10%)	2 (20%)	1 (10%)	4 (40%)	2 (20%)	10
Drift av helmeside	1 (11%)	0 (0%)	1 (11%)	4 (44%)	3 (33%)	0 (0%)	9
Arkiv	0 (0%)	0 (0%)	3 (30%)	3 (30%)	2 (20%)	2 (20%)	10












Tenesteområde 2: HELSE-, OMSORGS- OG SOSIALTENESTER

3a) Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:

	1	2	3	4	5	6	Total
Pleie og omsorg og re/habiliteringstenesta	0 (0%)	0 (0%)	1 (11%)	1 (11%)	3 (33%)	4 (44%)	9
Helse (legetenesta)	0 (0%)	0 (0%)	2 (20%)	1 (10%)	4 (40%)	3 (30%)	10
Sosial omsorg (NAV)	0 (0%)	0 (0%)	2 (20%)	0 (0%)	6 (60%)	2 (20%)	10

HELSE-, OMSORGS- OG SOSIALTENESTER - Fokusområde

3b) Dersom det blir gjennomført ein forvaltningsrevisjon innanfor helse-, omsorgs- og sosialtenester, kor bør fokus rettast etter di meining?

Response	Chart	Frequency	Count
Institusjonsplassar		70%	7
Heimetenesta		50%	5
Kompetanse/rekruttering		20%	2
Individuelle planar		10%	1
Psykisk helsearbeid		10%	1
Legedekning		20%	2
Skulehelsetenesta		10%	1
Helsestasjonstenesta		0%	0
Fysio- og ergoterapidekning		10%	1
Bekymringsmeldingar		30%	3
Kvalifiseringsprogram		0%	0
Samhandlingsreforma		50%	5
Anna, ver venleg å spesifisere:		10%	1

Total responses: 10

Anna: Samarbeid og ressursutnytting.






Tenesteområde 4: KULTUR, FRITID OG MILJØ

5a) Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:

	1	2	3	4	5	6	Total
Bibliotek	1 (10%)	2 (20%)	4 (40%)	3 (30%)	0 (0%)	0 (0%)	10
Kino	5 (50%)	3 (30%)	0 (0%)	2 (20%)	0 (0%)	0 (0%)	10
Kulturskule	1 (10%)	2 (20%)	2 (20%)	4 (40%)	1 (10%)	0 (0%)	10
Idrettsanlegg	2 (20%)	2 (20%)	2 (20%)	1 (10%)	2 (20%)	1 (10%)	10
Kulturhus	2 (20%)	2 (20%)	2 (20%)	3 (30%)	1 (10%)	0 (0%)	10
Miljø	1 (10%)	2 (20%)	1 (10%)	2 (20%)	1 (10%)	3 (30%)	10

KULTUR, FRITID OG MILJØ - Fokusområde





5b) Dersom det blir gjennomført ein forvaltningsrevisjon innanfor kultur, fritid og miljø, kor bør fokus rettast etter di meining?

Response	Chart	Frequency	Count
Tilskot		60%	6
Kulturminnevern		10%	1
Friluftsliv		40%	4
Miljøtiltak		30%	3
Miljøretta helsevern		30%	3
Anna, ver venleg å spesifisere:		0%	0

Total responses: 10

SEKTOROVERGRIPANDE FUNKSJONAR

7) Dersom det blir gjennomført ein forvaltningsrevisjon innanfor sektorovergrepande funksjonar, kor bør fokus rettast etter di meining?

Response	Chart	Frequency	Count
Innkjøp		40%	4
Betalingsattsar		20%	2
Forsikring		0%	0
Beredskap		40%	4
Fysisk sikring		0%	0
Saksbehandlingstid		80%	8

Total responses: 10

INNSPEL TIL VAL AV PROSJEKT FRÅ RESPONDENTANE

8) Eigne kommentarar:

Ingen.

018/12 BUDSJETT 2013 FOR DRIFT AV KONTROLLUTVALET

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM-sekretariat

Dato: 10.07.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	06.09.2012	018/12	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

Melding til:

Saksvedlegg.

- Spesifikasjon av forslag til budsjett.
- Reglement møtegodtgjersle Hornindal kommune.
- E-post frå Hornindal kommune om godtgjersle folkevalde 2012, datert 10.07.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kommunelova.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett og artsspesifikasjon for "Drift av kontrollutval".

11600: Skyss- og diettgodtgjersle	Kr. 1.000,-
108??: Godtgjersle folkevalde	Kr. 20.000,-
10990: Arbeidsgjevaravgift	Kr. 2.000,-
11500: Opplæring/kurs/seminar	Kr. 10.000,-
11959: Kontingentar	Kr. 2.000,-
<u>Drift av kontrollutvalet</u>	<u>Kr. 35.000,-</u>

Budsjettet bør spesifiserast på eiga teneste.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2013

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Hornindal kommune.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §18, har kontrollutvalet ansvar for at det vert utarbeidd budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Eit forslag til budsjettråme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Kontroll- og tilsynsorganet inneheld tre element, (heretter kalla prosjekt i samsvar med nemningane i kontoplanen); revisjon, sekretariat og drift av kontrollutvalet. Det er naturleg at budsjettet vert fordelt på desse tre prosjekta.

I posten "Drift av kontrollutvalet", høyrer følgjande kostnader naturleg inn:

Kostgodtgjersle
Køyregodtgjersle.
Tapt arbeidsforteneste
Møtegodtgjersle
Arbeidsgjevaravgift
Kurs/seminar
Kontingentar
Telefongodtgjersle
Andre utgifter

For kontrollutvalet i Hornindal er satsar for godtgjersle vedteke i kommunestyrevedtak den 27.08.2009.

- Kost- og køyregodtgjersle etter statens regulativ
- Tapt arbeidsforteneste. : Ulegitimert kr. 100,- pr. time, maksimum 1200,- pr. dag, inkludert feriepengar. Legitimert tapt arbeidsforteneste vert dekkja etter dokumentasjon inntil kr. 1200,-. Vilkår for utbetaling av tapt arbeidsforteneste er legitimasjon (trekk i løn).
- Møtegodtgjersle i 2012 var for leiar i kontrollutvalet kr. 740,- og for medlemmer i kontrollutvalet kr 345,--. Møtegodtgjersla er knytt opp mot ordførar si godtgjersle, jfr reglementet.

Budsjett 2012 var kr. 43.000,-.

Hornindal kommune er med i interkommunale samarbeid når det gjeld revisjon og sekretariattjenester gjennom høvesvis Kommunerevisjonen i Nordfjord og SEKOM-sekretariat. Begge desse selskapa er organiserte etter §27 i kommunelova, og begge selskapa har teke inn i vedtektene sine at det er styret i selskapet som vedtek budsjettet, og at budsjettet skal sendast til kommunane innan 1. november året før budsjettåret.

Sekretariatet sine vurderingar:

Budsjettforslaget blir lagt fram som følgje av krav om dette i lova.

Budsjetta for Kommunerevisjonen i Nordfjord og SEKOM-sekretariat vert vedtekne i dei respektive styra. Kontrollutvalet skal derfor ikkje leggje fram budsjett for desse.

Kontrollutvalet bør ha høve til å ta ut perioderapportar i løpet av året. Derfor er det viktig at budsjettpostane vert lagt inn i budsjettet til Hornindal kommune slik at dette er mogeleg.

BUDSJETT KONTROLLUTVALET I HORNINDAL 2013

Konto

11600 Køyregodtgjersle	1000	(4*3,95*100)	
10800 Tapt arbeidsforteneste	10000	(6*1200*1,12) (0*1700)	feriepengar
10800 Møtegodtgjersle (leiar)	10000	5*740+5*2*345)	
10990 Arbeidsgjevaravgift	2000	10,6% av møtegodtgj. og tapt arb.fort.	
11500 Kurs/seminar	10000		
11959 Kontingent FKT	2000		
		0	
Drift	35000		



GODTGJERSLE TIL FOLKEVALDE I HORNINDAL KOMMUNE

Reglement er fastsett av kommunestyret den 27.08.2009.

Godtgjersla gjeld frå 1.1.2010, og har som grunnlag ordføraren si årlege godtgjersle.

Reglementet vert gjort gjeldande frå 1.1.2010.

I: Omfang og former for godtgjersle

§1-1 Heimel

Reglementet er vedteke i medhald av kommunelova § 41

§1-2 Omfang

Reglementet gjeld for folkevalde ombod i kommunale organ oppretta i medhald av kommunelova eller særlov

Reglementet gjeld i tillegg til kommunale møte også for representasjon i styre og råd og på møte og konferansar, dersom møteorganisasjonen sjølv ikkje betaler godtgjersle.

§1-3 Former for godtgjersle

Reglementet omfattar følgjande former for godtgjersle:

1. Møtegodtgjersle, fast og variabel
2. Tapt arbeidsforteneste og anna utgiftsdekning

II: Møtegodtgjersle

§2-1 Grunnlag

Møtegodtgjersla er knytt til ordføraren si godtgjersle, og skal regulerast i høve til ordføraren si årlege godtgjersle pr. 1. mai kvart år.

§2-2 Fast møtegodtgjersle

Fast møtegodtgjersle blir utbetalt slik:

- Ordfører; årleg fastsett av kommunestyret i samband med budsjettet for komande år. For 2009 er godtgjersla kr. 437.868,- (7,51 G – 1 G pr. 1.5.2009 = kr. 72.881). Ordføraren har 80% stilling i 2009
- Varaordfører; årleg godtgjersle tilsvarande 6% av ordføraren si godtgjersle.
- Varaordfører og dei andre medlemene i formannskapet, og leiarane i hovudutvala; årleg godtgjersle tilsvarande 2% av ordføraren si godtgjersle.

§2-3 Variabel godtgjersle

Den variable møtegodtgjersla utgjør pr. møte 1 ‰ av ordføraren si godtgjersle.

Leiarar i utval som ikkje har fast møtegodtgjersle, får utbetalt pr. møte 1,5 ‰ av ordføraren si godtgjersle. Det blir ikkje betalt møtegodtgjersle for meir enn eitt møte pr. dag

Ordføraren får ikkje variabel godtgjersle.

Andre kommunale styre, råd og utval får utbetalt pr. møte 0,70 ‰ av ordføraren si godtgjersle.

III: Utgiftsdekning

§ 3-1 Tapt arbeidsforteneste

Folkevalde som har tapt arbeidsforteneste for å delta på kommunale møte og andre møte med rett til godtgjersle får dekket tapet etter desse reglane:

- a. Ulegitimert tap; kr. 100,- pr. time, maksimum kr. 1.200,- pr. dag, inkludert feriepengar. Dei som kan sannsynleggjere at tapet er vesentleg større enn kr. 100,- pr. time, får dekket tapt arbeidsforteneste etter pkt. b.
- b. Med legitimasjon (trekk i lønn), inntil kr. 1.200,- pr. døgn inkludert feriepengar.

Krav om tapt arbeidsforteneste og reise må setjast fram innan november månad i budsjettåret.

§ 3-2 Skyss-og kostgodtgjersle

Folkevalde har rett på skyss-og kostgodtgjersle etter kommunen sitt reiseregulativ

§ 3-3 Pass av barn

Kommunen dekkjer utgifter til pass av barn i samband med kommunale møte etter satsane i § 3-1, punkt a.

IV Særskilde reglar

§4-1 Utbetaling

Møtegodtgjersle blir som hovudregel utbetalt to gongar pr. år. Tapt arbeidsforteneste, utgiftsdekning og møtegodtgjersle for deltaking i konferansar og anna der kommunen ikkje fører møtebok, blir betalt etter rekning.

§ 4-2 Tolking av reglementet.

Ordføraren tolkar reglementet og tar stilling til tvilstilfelle, som ikkje er prinsipielle.

Tveit Asgeir

Fra: Postmottak Hornindal kommune <post@hornindal.kommune.no>
Sendt: 10. juli 2012 13:24
Til: Tveit Asgeir
Emne: SV: Godtgjersle folkevalde
Vedlegg: Møtegodtgjersle_2012.doc

Vedlagt oppsett på møtegodtgjersle for 2012.

Godtgjersla til medlemar i kontrollutvalet er 345 kr pr møte.
Godtgjersle til leiaren er 740 kr pr møte.


Med venleg helsing
Solfrid Otterdal Lien
Servicekontoret
Hornindal kommune
Tlf: 57 87 98 00
Fax: 57 87 98 01
E-post: post@hornindal.kommune.no

Fra: Tveit Asgeir [<mailto:Asgeir.Tveit@sekom.no>]
Sendt: 10. juli 2012 12:59
Til: Postmottak Hornindal kommune
Kopi: 'Ytrehorn Ola Are (olaare@online.no)'
Emne: VS: Godtgjersle folkevalde

Vi held på å lage eit forslag til budsjett for drift av kontrollutvalet i Hornindal for 2013. I tillegg til spørsmålet nedanfor ser vi at reglementet, om det er det som framleis gjeld, er skrivi slik at vi må ha ytterlegare opplysningar; Kva er godtgjersla til ordførar?
I fjor ser eg at de har sendt oss opplysningar om kva godtgjersle kontrollutvalsmedlemene fekk pr. møte i 2011 på tilsvarende spørsmål.

Med helsing

Asgeir Tveit



e-post: asgeir.tveit@sekom.no
Heimeside: www.sekom.no
Postboks 338, 6802 FØRDE
Tlf: 57 82 22 90
Mob: 976 15 363
Twitter: @sgrtv

Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 10. juli 2012 12:20
Til: 'Hornindal kommune (post@hornindal.kommune.no)'
Emne: Godtgjersle folkevalde

Er det satsane for godtgjersle vedteke i kommunestyret den 27.08.2009 som framleis er gjeldande for folkevalde i Hornindal kommune?

Med helsing

Asgeir Tveit



e-post: asgeir.tveit@sekom.no

Heimeside: www.sekom.no

Postboks 338, 6802 FØRDE

Tlf: 57 82 22 90

Mob: 976 15 363

Twitter: @sgrvtv

Møtegodtgjersle 2012

Ordføreren si godtgj 01.05.2012 er grunnbeløpet 82 122 kr x 7,51 = 616 736 kr x 80 % = 493 388 kr

Årleg godtgj til varaordfører: 6 % + 2 % av ordføreren si godtgjersle = 39 471 kr

Årleg godtgj til medl i formannskap + leiar i UFU og UFOH - 2 % av ordf si godtgj = 9 868 kr

Godtgj pr møte (variabel godtgj) – Kst, Form, UFU, UFOH – 1 ‰ av ordf si godtgj = 493 kr

Godtgj til leiar i utval utan fast godtgj pr. møte – Ktrl, Eldr, Rfmm – 1,5 ‰ av ordf si godtgj = 740 kr

Andre styre, råd og utval pr møte – 0,70 ‰ av ordf si godtgj = 345 kr

019/12 OPPFØLGINGSLISTE 3-2012 - HORNINDAL

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 10.07.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	10.07.2012	018/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 3-2012 Hornindal.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 3-2012 vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 3 -2012 HORNINDAL

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 29. august 2012.

Lista vil bli oppdatert fortløypande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 3-2012 - Hornindal.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Hornindal kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
09/10 Skriv og meldingar.	25.11.10		25.11.10: Vedtak KU – KU ber kst gjere vedtak i sak 08-2007 frå Alarmsentralen. 13.12.10: Brev til Hornindal kommune.
12/10 Kontrollutvalsarbeid – tiltak	25.11.10		25.11.10: Vedtak KU – 26.11.10 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor. Orientering investeringsprosjekt kvart år i aug/sep.
15/11 Orientering investeringsprosjekt	29.09.11		29.09.11 Vedtak KU: - Kontrollutvalet tek til vitande at administrasjonen vil ta tak i prosjekt 2041, slik at prosjektet kan bli fullfinansiert. - Kontrollutvalet tek til vitande at administrasjonen vil ta tak i prosjekt 4056, 4042, 4007 og 4005 vedrørende avtalar med grunneigarar, finansiering og gjennomføring i samsvar med aktuelt regelverk. - Kontrollutvalet vil følgje opp saka i første møtet i 2012. Sjå sakene 005/12 og 011/12
023/11 Forvaltningsrevisjonsrapport –"Vurdering av rutinar og internkontroll knytt til lønsområdet - Hornindal.	24.11		24.11 Vedtak i KU: Kommunestyret ber administrasjonen gå gjennom rutinane på lønsområdet og sjå til at desse er i samsvar med tilrådingane til revisor. 25.11 Rapport sendt til kst. 03.05.12 Vedtak kst sak 138/12.
024/11 Overordna analyse	24.11		24.11 Vedtak i KU: Kontrollutvalet tingar overordna analyse frå kommunerevisjonen i Nordfjord.
04/12 Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Hornindal.	03.02.12		03.02.12 Vedtak i KU: Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Hornindal kommune vert godkjent. 08.02.12 Årsmelding sendt til KS 03.05.12 Vedtak kst sak 137/12.
05/12 Orientering – Investeringsprosjekt.	03.02.12		03.02.12 Vedtak i KU: Prosjekt 2041 er finansiert gjennom disposisjonsfond. Kommunestyrevedtak 67/11. Prosjekt 4056, 4007 og 4005 heng saman. Gjeld parkering i sentrum. Oppsittarar i sentrum skal betale for parkeringsplassar. Saka er ikkje prioritert, men skal krevjast inn. 4042 Flaumskade – Otterdalselva i 1995. Flaumskaden er utbetra – krav om bidrag frå private ikkje fakturert. Orienteringa om investeringsprosjekt vert teken til vitande. Administrasjonen vert kalla inn til neste møte den 30 mai for å gi ei ny orientering. 08.02.12 Sendt brev til Hornindal kommune Sjå sak 011/12.
08/12 Godkjenning av innkalling og saklist.	25.05.12		25.05.12 Vedtak KU: Det var ingen merknader til innkalling og saklist.
09/12 Skriv og meldingar..	25.05.12		25.05.12 Vedtak KU: Skriv og meldingar vert tekne til vitande.
10/12 Årsreknekapen 2011 – Hornindal kommune.	25.05.12		25.05.12 Vedtak KU: Fråsegn godkjent 29.05.12 Fråsegn sendt til Hornindal kommune

			14.06.12 Vedtak kst sak 069/12.
11/12 Orientering investeringsprosjekt.	25.05.12		<ul style="list-style-type: none"> - 25.05.12 - <i>Prosjekt 4056, 4007, 4005 som gjeld parkering i sentrum vi bli prioritert av administrasjonen. Oppsittarar i sentrum skal betale for parkeringsplassar.</i> - <i>4042 Flaumskade – Otterdalselva i 1995. Flaumskaden er utbetra. Administrasjonen vil ta kontakt med den enkelte grunneigar og kalle disse inn til eit møte.</i> <p>Vedtak KU: Orienteringa om investeringsprosjekt vert teken til vitande og kontrollutvalet vil kalle inn administrasjonen på første møtet i 2013.</p>
12/12 Eigenvurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap.	25.05.12		<p>25.05.12 Vedtak KU: Teken til vitande</p> <p>29.05.12 Sendt kst til orientering</p> <p>14.06.12 Vedtak kst sak 042/12 Referatsaker.</p>
13/12 Oppfølgingsliste 2-2012 – Hornindal.	25.05.12		25.05.12 Vedtak KU: Oppfølgingsliste 2-2012 – Hornindal vert teken til vitande.
14/12 Eventuelt	25.05.12		25.05.12 Vedtak KU: Det vart ikkje teke opp saker under eventuelt.
15/12 Godkjenning av innkalling og sakliste	06.09.12		
16/12 Skriv og meldingar	06.09.12		
17/12 Overordna analyse	06.09.12		
18/12 Budsjett 2013 – Drift av kontrollutvalet.	06.09.12		
19/12 Oppfølgingsliste 3-2012 – Hornindal.	06.09.12		
20/12 Eventuelt	06.09.12		

Oppdatert 29.08.12.

020/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit, SEKOM- sekretariat

Dato: 10.07.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	06.09.2012	020/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.